



## SELJORD KOMMUNE

### 1. Sommarferievikarar.

Seljord kommune søker etter sjukepleiarar, sjukepleiarstudentar, hjelpepleiarar, heimehjelperar, assistentar og reinhaldarar.

Aktuelle arbeidsstader kan vera Pleie-og omsorgssenteret (somatisk avd.), Teneste for funksjonshemma, heimesjukepleia, heimehjelp, bu-og servicesenter (Steinmoen), vaskeri/mottakskjøkken.

I tillegg treng kommunen vikarar innan barnehage og reinhald i kommunale institusjonar.

Hovudferieavviklinga vert frå veke 26 til og med veke 32 .Vi ynskjer primært søkjarar som kan arbeide heile hovudferieperioden.

Søkarar må vera fylt 18 år.

For å vikariere i heimetenesta må søkarane ha sertifikat, til heimehjelpsjobb må ein og disponere bil. Det blir kravd helsefagleg utdanning for å arbeide i heimesjukepleia og legevaktteneste.

Lønn og vilkår elles, fylgjer tariff som gjeld for tilsette i kommunen.

Sjukepleiestudentar og andre høgskulestudentar innafor relevante fagområde, vert løna etter lokal tariff.

1.årsstudentar etter ei årslønn på kr 233.900, 2.årsstudentar kr 244.500, studentar ferdig med 2. året kr 255.200.

I søknaden må du oppgje telefonnummer og kva for arbeidsplass du søker. Dersom fleire arbeidsstader er aktuelle må desse prioriterast.

### 2. Vikarar generelt

Kommunen har trong for vikarar generelt, samt støttekontaktar / avlastarar

**Søknad med attestar og vitnemål sendast Seljord kommune, Personalrådgjevar, Brøløsvegen 13A, 3840 Seljord.**